

Møteprotokoll AMU

Dato: 18.01.2022

Tid: 09:00 – 13.00

Stad: Kommunestyresalen

Medlemmer:

Sigbjørn Tvitekkja

Rikke Syvertsen Raknes

Michael Berstad

Beate Våge Lia

Vigdis Øverland

Øyfrid Garborg S. Aufles

Tone Bøhn

Marianne Elsetrønning, Avonova

Forfall :

Vara:

Orientering:

Presentasjonsrunde.

Leiar gjekk igjennom arbeidsmiljøutvalet sitt føremål og minna om møteplikta.

Merknader:

Frå adm møte:

Ronde Ingeberg Schade

Ingeborg Nenseter Jensen

Andre til stades:

Kristin Aamot, einingsleiar institusjon, sak 10/22

PS 1/22 Godkjenning av sakliste og innkalling

Handsaming:

Leiar etterspør kven som skal vere vara for HTV i Utdanningsforbundet og motta kopi av innkallinga til arbeidsmiljøutvalet. Eit alternativ kan vere å bruke NSF som vara for HTV Utdanningsforbundet.

HTV i Utdanningsforbundet formidlar at Beate Moen, som og er styrar/ass. leiar i Seljord barnehage som er hennar vara.

Avonova minnar om at det er viktig å skilje på kva for rolle ein har i dei ulike samanhengane. Leiar foreslår at kommunalsjef PO4 er vara for arbeidsgjevar.

Rådmannen er samd i at kommunalsjef PO4 kan vere vara for arbeidsgjevar.

Saksliste og innkalling til møtet vart samrøystes godkjent.

Vedtak:

Saksliste og innkalling til møtet er samrøystes godkjent.

PS 2/22 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Handsaming:

Protokoll frå møtet 11. november vart samrøystes godkjent.

Vedtak:

Protokoll frå møtet 11. november er samrøystes godkjent.

PS 3/22 Avvik som har kome inn

Handsaming:

Arbeidsmiljøutvalet gjennomgjekk statistikk for avvik for november til og med januar.

Kommunalsjef PO3 orienterte om ein konkret avvikssituasjon ved institusjon.

Arbeidsmiljøutvalet ynskjer at mobbing etter Kapittel 9a i opplæringslova skal vere eigen sak i eit komande Arbeidsmiljøutvalet og at lærarar og assistentar i skule kan få opplæring i handtering av valdelege situasjonar.

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Avvika som vart gjennomgått vart teke til vitande.

PS 4/22 Orientering om sjukefråvær

Rådmannen si tilråding:

Orienteringa om sjukefråvær i Seljord kommune i fjerde kvartal 2021 vert teke til vitande.

Handsaming:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Orienteringa om sjukefråvær i Seljord kommune i fjerde kvartal 2021 vert teke til vitande.

PS 5/22 AMU årsrapport

Rådmannen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet vedtek årsrapport for Arbeidsmiljøutvalet sitt arbeid i Seljord kommune i 2021.

Handsaming:

Leiar: Arbeidsulykke ved vassverket må bli lagt inn i rapporten.

HTV Fagforbundet og rådmannen skriv under rapporten for arbeidsmiljøutvalet.

Vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet vedtek årsrapport for Arbeidsmiljøutvalet sitt arbeid i Seljord kommune i 2021.

PS 6/22 BHT årsrapport v/Bedriftshelsen

Rådmannen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek årsrapport frå Bedriftshelsen AS for arbeid i Seljord kommune i 2021 til vitande.

Handsaming:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet tek årsrapport frå Bedriftshelsen AS for arbeid i Seljord kommune i 2021 til vitande.

PS 7/22 Orientering om beslutningsprosess ny BHT

Rådmannen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek orienteringa om avgjersle om ny BHT til vitande.

Handsaming:

Informasjon til intranettet må bli sendt over til heimesideansvarleg.

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet tek orienteringa om avgjersle om ny BHT til vitande.

PS 8/22 KS sitt årlige debathefte tilknytning til tariff

Rådmannen si tilråding:

Svar på KS' debathefte for 2022 vert vedteke og sendt til KS Vestfold og Telemark.

Handsaming:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Svar på KS' debathefte for 2022 vert vedteke og sendt til KS Vestfold og Telemark.

PS 9/22 Orientering om endringsprosessen i PO1

Handsaming:

Leiar: Orienteringa om endringsprosessen i PO1 blir teke til vitande

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Orienteringa om endringsprosessen i PO1 blir teke til vitande.

PS 10/22 Orientering frå PO3

Handsaming:

1. Utfordring med å rekruttere og behalde arbeidstakarar i heile PO3
Einingsleiar Kristin Aamot inviterast til å orientere i saka.
2. Orientering om prosjekt CoTech
3. Attraktiv arbeidsgivar: kva tenker arbeidsmiljøutvalet om å jobbe for at Seljord kommune skal bli ein stabil praksiskommune, med samarbeid med USN?
4. Tilsynsrapportar frå Arbeidstilsynet

5. Oppdatera framdriftsplan Helse og omsorgsplan 2022-2034

Leiar: AMU tek orienteringa frå PO3 til vitande.

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

AMU tek orienteringa frå PO3 til vitande.

PS 11/22 Presentasjon av Avonova, ny BHT

Handsaming:

Leiar: Presentasjonen av Avonova blir teke til vitande.

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Presentasjonen av Avonova blir teke til vitande.

PS 12/22 Eventuelt

Handsaming:

Leiar: HTV Fagforbundet og rådmannen signerer protokollen for arbeidsmiljøutvalet i 2022. Tone Bøhn bli ny protokollfører for arbeidsmiljøutvalet når organisasjons- og personalsjef går ut av arbeidsmiljøutvalet.

HTV Fagforbundet minnar om å planlegge ny arbeidsmiljødag for 2022.

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

HTV Fagforbundet og rådmannen signerer protokollen for AMU i 2022

Tone Bøhn bli ny protokollfører for AMU når organisasjons- og personalsjef går ut av AMU.

AMU ynskjer at det blir planlad arbeidsmiljødag for 2022.

Signatur:

Rikke Syvertsen Raknes

Vigdis Øverland